

# TILVENNINGSTIDA PÅ LANDE FUS

- ny kvardag for både liten og stor....

Det er ei spanande tid i vente når barnet ditt skal begynne i barnehagen. Ei stor omstilling venter – både for barnet og deg. Vi skal gjere alt det vi kan for at denne tida skal verte ein fin overgang frå dagane heime til barnehage. For mange barn kan det vere ei stor omstilling å starte i barnehagen og det er derfor heilt nødvendig å setje av tid til ei trygg tilknytning til personalet. Tilvenningsperioden er den første tida på ny avdeling eller det første møtet med barnehagelivet, og vi ønsker å tilpasse oss barnet ditt så langt det let seg gjere. Dei første dagane er fokuset å bli kjent med små og store, og barnehagens fysiske miljø, inne og ute. Når barnet ditt får bli kjent med oss samtidig som barnet har deg der som sin trygge base, blir det lettare for barnet å gå inn i nye relasjonar. Vi har faste rutinar på dagane våre jf. dagsrytmen, dette er med på å skape trygghet for barna.

Det kan være vanskelig å overlata barnet sitt til menneskjer man ikkje kjenner. Du kan verte usikker på om det er til det beste for barnet, og om barnet vil få det godt i barnehagen. Dette er følelsar dei fleste foreldre opplever, og vi ønsker at du snakkar med oss om dei. Tilvenning til nytt miljø og nye situasjonar er en prosess som tek tid.

I tida før oppstart er dokke velkommen til å komme på besøk so ofte dokke vil. På den måten får dokke mulighet til å bli betre kjent med oss som jobbar her, med avdelinga og ikkje minst vi med dokke.

## **Kontaktperson**

I tilvenningsperioden får du ein kontaktperson å forholde deg til. Kontaktpersonen er aktiv til stades i ditt barns kvardag. Det kan vere godt å ha en fast vaksen man kan være trygg på når det er mykje nytt å forhalde seg til. Formålet med kontaktpersonen er å bygge opp tillit til barnet for å være en trygg tilknytningsperson den første tida. Kontaktpersonen har også ansvar for en god dialog og kontakt med barnet og heimen.

## **Første dag - tidspunktet dokke kjem vert avtalt i forkant.**

Det er mest vanlig å kome i 09.30 tida den første dagen. Dette kjem sjølvsgat an på soverutinene til barnet, og om det høver for dokke. Den første dagen er det viktig at du er nær barnet og skal vere tilgjengelig heile tida. For å få ei god tilvenning er det viktig at du er aktivt med på å introdusere det nye miljøet. Du er med å steller barnet, er i rommet under leik etc. Kor lenge dokke blir i barnehagen tilpassar vi etter barnets behov. Vanlegvis et par timer.

## **Tidspunkt for dag 2 vert avtalt før dokke går heim første dag**

Personalet overtek meir av ansvaret for barnet, men framleis er du med på stell, leik etc. Forsøk gjerne, etter avtale med personalet, å forlate barnet ei lita stund. Snakk med kontaktpersonen om dette. Kor lenge dokke blir i barnehagen tilpassar vi etter barnets behov.

## **Tidspunkt for dag 3 blir avtalt før dokke går heim andre dag**

Dersom vi trur at du og barnet ditt er klare for det, kan det vere fint å forlate barnehagen denne dagen. Vi tek da utgangspunkt i kva grad barnet er tilvent etter dei to første dagane. Det som ofte fungerer best er at du leverer, er i barnehagen ei lita stund, og so går. Etter det

leiker vi litt, et mat og legger barnet ditt. Om alt går fint ringer vi når barnet er ferdig å sove, slik at du kan komme og hente da. Det er viktig at du er lett tilgjengelig per telefon, og ikkje er for langt unna. Du skal føle deg heilt trygg på at vi ringer deg dersom ting ikkje går bra.

Vi ønsker også å ha en foreldresamtale med deg enten på en besøksdag før, eller i ein av tilvenningsdagane. Denne samtalen har vi for å bli bedre kjent med dokke, behov, rutiner, vaner og andre ting som er viktig for oss å vite noe om.

Vi bruker å ha eit felles foreldremøte for dei nye foreldra i mai eller juni. Invitasjon til dette kjem etterkvart. På dette møtet snakkar vi om tilvenningstida, og praktisk informasjon om barnehagen.

### **Korleis ta avskjed med barnet**

Det er viktig at du seier ifrå til barnet ditt når du skal gå. Dersom du forlet barnet utan å seie i frå kan det føle seg usikker, utrygg elller byrje leite etter deg. Det kan vere trasig at barnet skrik når du går – men i lengda er det betre slik, enn å lure seg bort. Det er viktig at barnet får erfaring med at du ikkje går før du seier i frå og at du virkelig går når du seier det. Slik vert barnet trygg på at du kjem tilbake etter ei stund. Prøv å utstråle tryggheit til barnet sjølv om det kan vere vanskelig. Det er viktig at du gir barnet til oss, i staden for at vi skal ta barnet ut av armene dine. Slik viser du barnet at at du har tillit til oss og at det er ok å vere hos oss.

Du vil kunne oppleve at barnet gret ved avskjeden. Det kan vere vanskelig for både deg og barnet å ta avskjed i byrjinga. Vår erfaring er i midlertidig at gråten stilnar like etter at du er ute av syne. Ring oss gjerne etter du har gått å spør korleis det går. Du vert mest truleg beroliga.